
Fra: Jon Askeland
Sendt: 1. november 2015 21:10
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Arthur Kleiveland
Emne: VS: Spørsmål til folkemøtet om asylmottak

Med helsing
Jon Askeland
Ordførar
Radøy kommune
Tlf 47 45 97 20
Tlf 56 34 90 10
WWW.radoy.kommune.no



Fra: Jon Askeland
Sendt: 1. november 2015 21:10
Til: 'bøvågen bygdelag'
Kopi: Jarle Landås; Arthur Kleiveland
Emne: SV: Spørsmål til folkemøtet om asylmottak

Hei, og takk for informasjon. Eg synest det er prisverdig at de samsnakkar og førehandssender spørsmål. Det er viktig at me alle får god informasjon no, og får høve til å stilla spørsmål. Vidare må me anerkjenna frykt og uro knytt til planane om mottaket. Kommunen har difor sagt at informasjon til nabolaget har høgaste prioritet, og eg er glad for at me får til dette møtet på tysdag.

Eg sender spørsmåla vidare både til UDI og Norsk mottaksdrift, samt til rådmannen. Kommunen har også mange spørsmål i saka, og vil be om møter om mange forhold. Eg vil gje nærmere detaljar om ansvarsforhold m.m. på tysdag.

Apropos lokale;- gymsalen tek minst 200 stk. Bør ikkje det vera stort nok, trur du? Dersom det vert veldig mange frammøtte, bør det kanskje vera fleire møte i staden?

Med helsing
Jon Askeland
Ordførar
Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

WWW.radoy.kommune.no



Fra: bøvågen bygdelag [<mailto:bovaagen.bygdelag@gmail.com>]

Sendt: 1. november 2015 19:55

Til: Jon Askeland

Emne: Spørsmål til folkemøtet om asylmottak

Hei Jon.

Me har samla nokre spørsmål me vil ha svar på på møtet på tysdag. Om du ikkje kan svare ver snill å sende det til rette ansvarlege i kommunen:

1. Kven kan garantere og stå ansvarleg for sikkerheten til våre barn til og frå skule og barnehage, og ikkje minst i tida dei er i barnehage eller på skule?
2. Kva sikkerhetsvurderingar er gjort i forkant med tanke på plassering midt oppe i skule og barnehage?
3. Kva handlingsplanar er utarbeidd på skulen og i barnehagen?
4. Kva med fritida for borna våre? Skuleområdet er møteplassen for born og ungdom etter skuletid, er denne trygg i fortsettinga?
5. Er det mottaksfirma eller kommune som er ansvarleg for tilgang på psykologisk oppfølging og forebygging av traumer?
6. Er det gjort vurdering av å busette fleire nasjonalitetar i same bygg?
7. Kva vurdering er gjort med omsyn til sikkerhet for dei eritreiske familiane som allereie er busett i gamle kommunehuset?
8. Har politi og brannetater vore med i vurderingane med omsyn til plasseing?
9. Kven er ansvarleg dersom de tillet bruk i noverande stand (ref forrige mail) og nokon brenn inne eller vert skada?

10. Har kommunen plan og kapasitet for dei som ynskjer å flytte borna sine til ny barnehage eller skule, dersom ikkje sikkerheten kan garanterast? Eller dei som uansett ikkje føler det trygt nok for barna å ha dei på Bø?

11. Korleis skal ein sysselsette desse ungdommane, med tanke på at kapasiteten i Hordabøhallen allereie er sprengt?

12. Får kommunen dekka sine tap med tanke på kommunedelplan for Bøvågen, der det er opna opp for ei massiv utbygging? Fleire har sagt at dei no ikkje vil flytte heimatt til Radøy om ungane må gå på Hordabø skule eller i Bø Barnehage, med asylmottak i området.

13. Krev kommunen noko attende frå huseigar? som til dømes gatelys, andre tiltak som vil betre tryggleiken i Bøsoknet?

Me har hatt eit hastemøte i bygda der om lag 70 personar møtte opp og der ovenståande spørsmål vart stilt. Det vart også oppretta Bøvågen Bygdelag på dette møtet.

Me er ikkje uvillige til å hjelpe folk i naud, men meiner Hordabøheimen er den desidert minst eigna i heile Radøy! Borna våre er det kjæraste me har og me kjem ikkje til å godta at det vert tatt sjansar med deira sikkerhet. Både kommune, mottak, UDI og ikkje mist byggeigar vil me skal garantere at dette er trygt for alle!

Dette er berre nokre av spørsmåla og krava som kom opp på møtet.

Eit lite tips på tampen: Det er kanskje lurt at folkemøtet vert flytta til Hordabøhallen, då me reknar med at gymsalen på skulen vert i minste laget.

Svar mottas på denne e-postadressa.

Med helsing

Bøvågen Bygdelag

ved midlertidig styre

Steinar Floen, Roger Sundt, Knut M. Haugland og Rune Bø